

Referat frå foreldremøte 6.-7.trinn

15.03.18

Foreldre frå 7 heimar møtte. Oddvar og Linn Merethe møtte frå skulen.

Me starta med å sjå nokre bilete frå dei siste månadane.

Informasjon frå skulen

Skulen ber om at foreldre ved fråvær ringer kontoret om morgonen. Det er ikkje ynskjeleg at ein sender SMS eller liknande til lærar, då det ikkje alltid er slik at læraren er på skulen til første time. Skulen har som rutine å ringa heim dersom eleven ikkje dukkar opp innan det første kvarteret har gått. Ved planlagt fråvær som tannlege o.l. brukar de meldeboka. Fråvær over 2 dagar må søkjast om til rektor. Ny meldebok kan kjøpast på skulen for kr.10.

7.trinn skal på leirskule frå 28.05-01.06. Det kjem meir informasjon om dette skriftleg.

Oddvar og Linn Merethe informerte om at klassemiljøet i 6.-7.trinn er godt, med elevar som tek hensyn til kvarandre og oppfører seg bra. Dei jobbar godt i timane og er svært kjekke å vera i lag med.

Det blei vist resultat frå elevundersøkinga, som viser at elevane på Austebrygd trivst godt og gjer uttrykk for at det er ein grei plass å vera. Me scorar litt lågare enn landssnittet på motivasjon og støtte heimefrå.

Lekser/oppfølging av heimearbeid

Foreldra gjer uttrykk for at leksemengden er grei. Det har vore nokre utfordringar knytt til Multi Smart øving som matematikklekser, og det blei diskutert litt rundt dette. Blant anna blir det litt mykje trykk og gjett-taktikk hjå enkelte. Det kan vera ein god regel at om eleven ikkje får riktig svar på dei to første forsøka, kan han lagra oppgåva og ta den med på skulen for å få hjelp til å løysa den der. Elevane MÅ nyttja skrivesaker når dei skal løyse desse oppgåvene, det er ikkje hovudrekningsoppgåver! Det blei snakka om korleis foreldra kan følgje opp heimearbeidet gjennom å vise interesse fro det elevane jobbar med på skulen, og ved å sjå over arbeidet og skapa forventningar om at det skal gjerast skikkeleg.